

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 og 8 Fylke: Hordaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Fitjar
 Emne: Skav, beit og brom. Bygdelag: Søre Huftarøy
 Oppskr. av: Johan Tufteland Gard: Uglenes
 (adresse): S t o l m e n G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Herborg Uglenes 70-år, Uglenes, bondekone.

SVAR

S K A V

1. Brukar vanleg ordet hjelpefôr (eit).
2. Har ikkje noko samnamn for desse fôrslaga.
3. Å skava - skjev - skov - skavt.
4. Nyttar mykje skav til krøterfôr i bygda.
Kallar det skav (eit).
Brukar det kvart år.
5. Nyttar raun, osp, lind, bjørk og vier. Skjer brake (einer) til smalen, han et dei grøne nålene. X Nyttar og furebar til kyrne og smalen. Skjev av alle slag lauvtre ogso hatl og ask. Skjev borken av furetre og gjev kyrne. Ask, raun og osp reknar ein for å vera best. Ospa er god å skjeva. Ospeborken er grøn og saftig.
6. Brukar ikkje ordet skav eller noko liknande ord om noko tre.
7. Kjenner ikkje noko rim eller stev om skavtrea.
8. Kua, sauene og geita får skav. Ikkje hesten. Skavet får dei om vinteren og våren. Gjev skavet bert i bytter utanom høyet. Kyrne likar det godt. Kyrne og smalen er ikkje glade i olderskav.
9. Kyrne gjev meir mjølk når dei får skav. Dei


vert feite av det, det vert og meir rjome og og gulare smør når dei får skav. Det vert ikkje smak på mjølka av noko skav.

- 10. Tar ikkje ekstra ved til skavinga, men berre slik ved som vert nytta til noko seinare - anten heskjestaute eller breⁿved. Hentar og lyng til fôr. Lyngen gjev og god og feit mjølk.
- 11. Lauvskogen veks på heimebøen, og der går ein og hentar skavveden. Har ikkje noko nemning for det.
- 12. Kallar veden skavved (ein).
- 13. Brukar ikkje ordet marka, men seier at ein skjer når det er sigd ein brukar, og høgge når ein brukar øks.
- 14. Skavinga tek til i juletida og held fram utover vinteren og våren til trea tek til å knuppast. Det er ikkje surt og hardt arbeid, for skavveden veks på heimebøen ikkje langt frå heimehus og uthus. Har ikkje nokon skikk på langfredag.
- 15. Driv med skavinga i vedskjulet. Dei gamle tok det inn i stova når det var ruske ver.
- 16. Brukar tollekniv og bandakniv. Brukar bandakniven til treskosming, når ein kvistar staur og til anna arbeid. Lagar store knivar av gamle ljåar og langorvar, men desse vert mest nytta til slakting (grisealakting).
- 17. Høgg av greinene og strangane i lengder som er 2 til 3 alner. Set dei ikkje fast i ei treskrue. Sume har ein krakk som det er utmeisla sete på. Ein set elles på hoggestabben når ein skjev.
- 18. Brukar ikkje skavhæl.
- 19. Held reiskapen med den eine neven og det ein skal skava, med den andre. Dei gamle brukte ei fjøl for bringa (ei skavfjøl). Kunne då halda i bandakniven med begge hendene og skava mot seg.

20. Skavved.
21. Skav.
22. Tek heile trea når dei ikkje er altfor store.
Lengda er 2 til 3 alner eller hesjestaurlengde.
23. Brukar ikkje noko sers namn på dei avskavne
kjeppane.
24. Skjev berre sjølve borken av.
25. Borkar veden til hesjestaur og brensel.
26. Nyttar framleis skav til fôr.



Bandakniv



Skavfjøl

- Kallar dette å kjørva (kanskje av kyr-ved).
1. Dette fôret kallar ein kjørve (eit kjørve).
Tek det av alle slag lauvtre som veks på staden.
Tek blada og ytste greinene av trea. Bitt dei saman i lange buntar som liknar på kornband.
Set desse buntane opp etter veggene inne i lœa og på skukkane. Kjørve skal ikkje turkast ute.
Lauvsanking kallar ein lœgging (ei). Brukar helst blada av ask og raun. Samlar lœgginga i kiper og turkar henne på skukkane.
 2. Seier at ein kjørvar.
 3. Tar til med kjørvinga om våren når trea lauvast.
I slåtten kjørvar ein ikkje, men tar til med det ~~at~~ etter slåtten og held fram til haustinga.
Det er beste kjørvetida mellom slåtten og haust.
Om vinteren er det ikkje kjørving.
 4. Brukar sigd og skjer det tunnaste av buskane.
 5. Kyrne, smalen og geitene får kjørvet. Dei får det serskilt og ikkje blanda med anna fôr.
 6. Ein ber kjørvet inn og turkar det inne i lœa.
Det vert brukt om vinteren når buskape er inne.
Då er det turt, og det vert godt likt.
 7. Ein har ikkje nokon skikk om langefredag.